

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Dykkar ref.:

Vår ref.:
5163787/5163787_brev_Planendring

Dato:
2018-10-18

Detaljreguleringsplan Hodlekve - Rinden Søknad om mindre endring av reguleringsplan

På vegne av Sognefjorden Utvikling AS vert det i samsvar med § 12-14 i plan- og bygningslova søkt om mindre endring av detaljreguleringsplan for Hodlekve – Rinden (Plan ID 1420-2016).

Søknaden gjeld endring av føresegnene om grad av utnytting, høgde og takvinkel i punkt 4.1.1 bokstav a) og c), samt 4.1.2 bokstav b) og d). Endringane er avgrensa til:

- Endring av utgangspunktet for berekning av grad av utnytting frå bruksareal (BRA) til bebygd areal (BYA).
- Høgde på bygg vert styrt med utgangspunkt i gjennomsnittleg planert terreng.
- Takvinkelen vert harmonisert i heile området med takvinkel på mellom 10 og 31 grader
- Reduksjon av kravet til parkering i område for konsentrert fritidsbebyggelse.

Endringa av berekningsgrunnlaget for grad av utnytting frå BRA (bruksareal) til BYA (bebygd areal) vil føre til at det kan etablerast sokkel/underetasje under bygg. Erfaring med bruk av BYA syner at det er meir fleksibelt med tanke på å finne fram til situasjonstilpassa løysing på tomt. Endringa av føresegnene om høgde er ein direkte konsekvens av endringa av berekningsgrunnlag, medan justeringa knytt til takvinkel er ei rein forenkling.

Føringane i planen for plassering, utforming, materialval og terreng er vidareført. Desse føringane er føresett å ivareta omsynet til landskap (nær- og fjernverknad). Det er ikkje avdekt at endringa vil føre til endra sårbarheit/risiko eller ny vesentlege konsekvensar.

Spørsmål knytt til endringane kan rettast til underteikna.

Med vennleg helsing

Norconsult AS



Johannes Henrik Myrmed

Vedlegg: Føresegner med framlegg til endringar

Kopi: Sognefjorden Utvikling AS